Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Mors og farsdogen Herad: Fjell

Emne: Giftefærdig ungdom Bygdelag:

Oppskr. av: Hans O. Nordvik Gard: Nordvik

(adresse): Nessjöen G.nr. 4 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

Synet på giftarmål.

Sp. 1. Ein må vel seia det slik, at for 40-50 år sidan var det soleis her, at ein skulle helst finne gifta si i same bygda (Sokna) eller nabosokna.
Her på Sotra (Sartoröy) er to herad, nemleg Fjell og Sund, og det hende ikkje so sjeldan, fat ein Fjellsokna-gut fann kjærasten sin i Sund, og likeeins omvendt.
Men var ektemaken lengre borte-frå, tykte gjerne dei næraste, at det var ikkje so bra.

Sp. 3. Ja, ein skulle helst det.
" 4. Ja.
" 5. Til det vil eg svara nei.
I enkelte tilfelle kunde nok foreldra öva ein ikkje so liten press, for eller imot eit giftarmål, men avgjærdsla tok vedkomande

14667

gut eller gjenta sjölv, i dei aller fleste tilfelle.

Sp. 6. Det som ein kalla Större gardeigara har me ikkje her, men likevel var her einkelte som sat nokso godt i det. Dei hadde til dömes ein kra gard med store og gode hus, stort sjöbruk, (kansje fleire notbruk) og på toppen av det, ein god slump kontanter.

At slike foreldre la planar for borna sine, angåande giftarmålet, hende nok her og, men dei unge vilde no helst råda seg sjölv, hvis det ikkje passte for dei.

Sp. 7. Nei, det kjenner eg ikkje til.

" 8. Dei ymse „byte" de nemner, kjenner me ikkje her, men eg går ut frå, at det har same meining, som det me her kallar makebyte. Og det er makebyte når Knut gifter seg med Kari, og Kari sin bror gifter seg med Knut si syster.

Sp. 19. Folk meinte at skyldskapsgifte var ikkje so bra, men her er fleire döme på, at innbyrdes sysken born gifte seg med kvarandre.

I mange tilfelle gjekk det godt med borna deira, dei var både sterke og helsuge og avnerike;

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14667

men her er og döme på det
motsatte. Tremenningar
tykte ein her var likare, og
firmenningar hadde ikkje
folk noko å seia om soleis.
Sp. 11. Til det vil eg helst svara Ja.
" 12. Det hende nok det og,
men ikkje so ofte.
Sp. 13. Vil ikkje seia, at det var
vanleg måning.
" 14. Ja, dei unge kunne
få både hjelp og stötte hjå andre.
" 15. Sovidt eg veit, har det
ikkje förekomme her.
" 16. Ja, det kjenner ein döme
på, her og.
" 17. Ja, det var faktisk
grupper av folk, der dei unge
stod frïare, og kunne gifta
seg med den dei vilde ha,
utan innblanding frå andre.
Det var helst tenarar (tenestefolk)
og strandsitjarar, kort sagt
slike som ikkje hadde gard.
Dei fekk seg kanskje opp ei
stova, ein eller annan stad,
og måtte finna livberging der
dei best kunne.
Sp. 18. Ja, det var det.
Og går me 70–80 år
attende i tida, har me döme
på, at enkjer tekk ein kjenning
av seg til å gå til den ungkar
som ho vilde ha, og höyra
om han vilde gifta seg med
henne. Ho hadde som oftast

14667
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

hūs og gard, större eller mindre, og det var soleis ūngkaren (eller enkjemannen) som kunne flytta heim til henne.

Sp. 19. Ja, gūtar kunne velja meir fritt, og det var ikkje so sjeldan, at ein gūt friadde til ei gjenta, som han visste hadde „mykje i kjista og penga på bok", sjølv om ho var noko eldre.

Her vil eg föya til, at mest framtil idag, har det vore skikk her, at gjenter som gifte seg har fått med frå heimen sin ei rosemåla kista (Haringa-kjista) og ho måtte helst vara godt fylt av seng og gangklar, tepper og dūkar.

Eg vil gjera merksam på, at dette er sagt om gjenter, som kom frå vanlege gode heimar.

Sp. 20. Om det vil eg nemna eit varsel, som mange faktisk trūdde på, og det var at dei jagde kråko kjyndelmesdag. I den retning som kråko fauk skulle kjærasten koma frå. Og sette ho seg på eit stovetak i nærleiken, so skū kjærasten koma frå den heimen, eller hūset.

Sp. 21. Har nok höyrt snakk om det, men det har vore lite brūkt her.

Sp. 22. Ja, det meinte dei

Sp. 23. Ja, folk såg slik på det her og

14667
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Nattefriing er ukjendt her.
Det mest vanlege var dette:
Når ein gut hadde sett eller snakka med ei gjente, som han likte framifrå godt, so måtte han på ein eller annan måte laga det so, at dei treffes, berre dei to, og helst slik at ingen andre såg dei.
Dette var hvis gjenta budde i nærleiken. Var ho t. d. frå ein annan kant av bygda eller lengre borte frå, so skreiv han [skriv] til henne.

## På kyrkjebakken.

Sp. 58. Ja, det kunne dei.
" 59 Nei, ikkje til vanleg.
" 60 Nei.
" 61. Gjentene måtte venta til gutane kom til dei.
" 62. Det kunde ho syna på ymse måtar, når det var ein gut ho kjende, (var kjend med).
Sp. 63. Nei, det er ukjendt her.
" 64. Nei det var det ikkje.
" 65. Eg vil i denne samanheng nemna 17 mai. Det var ungdomen sin dag, og her samlast dei ved kyrkja til å byrja med, mest frå heile bygda.
Högtidinga av dagen tok som regel til med preik i kyrkja. Seinare so gjekk ein i tog (prosesjon) og dinst

14667
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

var det idrettstevlingar av ymse slag, og so var det dans på tribūnen til det ljosna av dag dette 18. Då møttes gūtar og gjenter so å seia frå heile heradet til festleg lag, og det var vel somme, både gūtar og gjenter, som vart meir eller mindre forelska, på og etter slike dagar.
Den danseplanen (tribūnen) som var nytta då, låg omlag 500 m. frå kyrkja.

Gjestebod saman med eldre.
Det var vanleg her at nokon av slektningane kom på gjestebod, både i jūlehelga, i påskehelga, og i pinsehelga. Det kunde vara ūngdomar den eine gongen, og dei eldre ein annor gang.
sp. 68. Nei, so strenkt var det ikkje her.
-n- 69. Når det var brūdlaup, so vart det gitt beskjed om at ein hadde reidd til flatseng, og so var det ūngdomane sjølv som vart einige om, kven som skū ligja der.
Når gūt og gjenta låg saman i brūdlaup, so sa me her, at dei brende kol, og skikken frå gamalt var soleis, at eit par gūtar gjekk kringom i hūsa med ein klūt med sot på, for a setja

14667

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kolflek på dei. Kol-flekkin
måtte setjas på ein synleg stad,
og helst slik at vedkomande
ikkje ante noko om det.
Ein kolte altso både gutar og
gjenter, når dei hadde „brendt
kol" om natta.

Sp. 70. Stabbedansen og det som
står i forbindelse med han,
er ukjendt her.

C. Andre höve der eldre var med.

Her har ikkje vore mykje
dugnad, og i dei tilfelle som
var, so var det ikkje vanleg
at dei slutta med dans.

Sp. 75. Det hende at giftefердig
ungdom var med på auksjonar,
men det var ikkje höve til
dans der.

Sp. 76. Her var ikkje marknader.

Sp. 78. Nei, det var her ikkje.

I denne samanheng kunde
nemnast, at her var ofte
pakkefestar för i tida (for ca 30-
40 år sidan) Når ein flokk
ungdomar vart einige om, å samla
pengar til eit godt formål,
so lagde gjentene kvar sin
pakke med mykje godt innhald.
Disse pakkane vart so auksjonert.
Gutane bydde på pakkane til
auksjonshammaren falt, og det var
ofte mykje moro på slike festar.
Når alle pakkane var selde
til högstbydande, so gjekk ein

14667

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

til bords, gut og gjenta, han som kjøpte og ho som hadde lagd pakken til. Når bordsåta var slutt var det mest altid dans.

D. Samkomer der ungdomen var for seg sjølv.

80 Gjentegjestebod (taušaveitsle) er ikkje kjendt her.

Sp. 89.
Det hende nok at ungdommen drog ut ilag for å eta bær; men det var ikkje nokon skikk.

90) Likeins hende det, at nokre gutar og gjenter drog ut ilag for å fanga krabbe, men det var heller ikkje so ofte.

91) Det var helst oftare, at dei samlast til sams leik med ball om sundagskveldane.

Sp. 92. Nei. dei eldre var ikkje med.
" 93. Nei ikkje slik at ein kan
" 94. seia det var skikk.
Dei gjekk ut sundagskveldane, men gutar og gjenter gjekk helst kvar for seg.
Det hende sjølvsakt, at dei gjekk ilag og.

b. Om vinteren.

Sp. 95. Slike samkvem om kvelden, kjenner me her i bygda og. Gjentene sat med sitt arbeid, og gutane kom på vitjing. Det var ikkje på visse kveldar. Det kunde godt henda kveld etter kveld.

14667
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

96 Det var som regel i november og december og so ĭ januar.
I förstninga av februar reiste gutane på fiskje. (Storogvårsildfiskje)
Ei slik samkome varde ĭ 2–3 timar.

Sp. 97. Nei, det gjorde dei ikkje.
" 98 Trur eg har höyrt snakk slikt, men det er langt attende i tida.
" 99. Det var ymse ting, dei hadde hug å fortelja kvarandre, og saker og ting dei diskuterte inngåande.

Sp. 100. Det var mest altid
101→ dansemoro i julehelga; [101] og det var gutane som stod for det.
Likeins var det gutane (som regel då) som ordna med
102)→ hus til dansen, og [102] sytte for spelemann.
103) Det var dei mannlige som betalte utgiftene.

Sp. 104. Til det trur eg, at eg vil svara Ja. Det vart etter kvart fleire som spela trekspel. So det vart lettare å få tak i spelemann.

Sp. 105. I eldre tid var det vanleg, at ungdomen samlast i kjelke-bakken, og ein del av gutane var på isen med skeiser; men kappköyring var det lite av.

Sp. 106. Dei kunde vara med på slike samkome, utan serskilt löyve til det, av foreldre eller

14667
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

husbond.
Sp. 107. Ja, det vil eg seia der var, men gjentene trong heller ikkje, i dei aller fleste tilfelle, spörgja om lov til det.
" 108. Det var vel ein viss skildnad på det.
" 109. Det var mest religiöse og/eller sosiale grunnar.
" 110. Det var ikkje sjölvsagt for borna sitt vedkomande. Mange gonger var det heller tvert om.
Tenarane måtte av ymse grunnar retta seg meir etter eit slikt forbod.

Juletråd.
Eg har lese igjennom samtlige spursmål som hung saman med dette, men det er heilt ukjendt her, inntil
Sp. 128. Ja, det var (og er) vanleg seiemåte her, at gjentene har lov å fri gjenom heile skotåret.
Sp. 129. Har ikkje höyrt noko sikkert om det, ikkje direkte i kvert fall.

Til slutt i dette svarbrev vil eg setja fram tanken, om De vilde laga til ei spörre-skjema for „Seiling med sild" i eldre og nyare tid.
Det var Lister-skjöyta som helst var nytta til sildeseiling. Det var eit yrke som no er gått over i historia.

14667
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING